

**Notat**Dato: 25.06.2017  
Arkivsak: 2017/63-47  
Saksbehandlar: terhaug

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**ROM FOR MØTE - Folkebiblioteka i Bergen og Hordaland som integreringsarena 2017-2018**

I Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Premiss: Kultur, er innsatsområdet *inkludering* ein av hovudsatsingane i 2017. Folkebiblioteka er ein av kulturinstitusjonane som blir mest brukt av flyktningar og innvandrar og har utvikla seg til møteplass for lokalbefolkninga. Med fokus på folkebiblioteka som integreringsarena har Det Felles Innvandrerråd i Hordaland blitt tildelt ein million kroner frå Gjensidigestiftinga til prosjektet *Rom for møte* i 2017 og 2018. Søknaden blei utarbeidd i samarbeid med fylkesbiblioteket og Bergen Off. Bibliotek. Prosjektet har som formål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrar i Hordaland, ved å ta i bruk folkebiblioteket som felles arena til ulike aktivitetar.

Hordaland fylkesbibliotek deler løyvinga med Bergen Off. Bibliotek, og kr 180 000 er tilgjengelig for utdeling til kommunane utanom Bergen i 2017. Utval for kultur, idrett og regional utvikling gav i møte 22.03.2017 (PS 43/2017) fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlar til prosjekt i kommunane etter utlysing og i samsvar med prosjektplan.

Ved søknadsfristen 31. mars 2017 var det kome inn 16 søknadar. Fordelinga var klar 9. mai. Biblioteka kunne søkje opp til kr 40 000. Søknadane vart vurdert ut frå søknaden til Gjensidigestiftinga, med tanke på kor mange bibliotek som skal ha støtte kvart år, søkesum og kva bibliotek som var med i sjølve søkeprosessen. Dei aller fleste søknadane var svært gode, og gir eit godt grunnlag for vidare arbeid i kommunen. Det er ikkje rom i 2017 til å støtte alle søknadane. I tildelinga er det lagt vekt på å få til auka samarbeid med lokale organisasjonar og institusjonar til utvikling og drift av tiltak retta mot integrering. Det er i tillegg lagt vekt på at tiltaka er sett inn i ein samanheng, og at dei er overkommeleg både med tanke på budsjett og samarbeidspartnarar.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2017	180 000
Søknadsfrist 2017:	31.mars
Vedtak kriterier:	KIRU 22.03.17: PS 43/2017
Kriterier og informasjon om ordninga:	Alle biblioteka fekk tilsendt informasjon om prosjekt og søknadsfrist (sjå vedlegg).

<b>Våren 2017:</b>	
Tal på søknadar:	16 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	7 søknadar
Samla søknadssum:	536 406 kroner
Tilrådd fordeling:	180 000 kroner

**Oversikt over tildelingar**

	<b>Søklar</b>	<b>Integreringstiltak</b>	<b>Tildeling</b>	<b>Grunngjeving</b>
1	Austrheim	Språkkafé og norsktrening. Sette i gong tiltak innan den lokale kystkulturen og digitale verkstadar.	40 000	<p>Søknaden er heilskaplig både med tanke på konsept, samarbeidspartnerar og utstyr og dekker godt tre ulike tiltaksområde:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Språkkafé, som er eit viktig verkemiddel som fungerer godt i det lange løp, og som utviklar biblioteket som integreringsmøteplass.</li> <li>2. Lokale kystkultur</li> <li>3. Digitale verkstadar</li> </ol> <p>Søknadssum: kr 40 000</p>
2	Bømlo	Tilbod til minoritetsspråklige foreldre som er heime med små barn, organisere treff i biblioteket på dagtid.	35 000	<p>Interessant tilnærming til norsktrening, med fokus på minoritetsspråklege mødrer og fedrar som er heime med små born. Det å hente inn behov i kommunen gjennom kontakt med helsestasjonen er ei styrke i søknaden.</p> <p>Søknadssum: kr 40 000</p>
3	Fjell	Vidareutvikling av språkkafé og verkstader	22 000	<p>Tiltaka i søknaden verkar å vere overkommeleg både med tanke på budsjett og samarbeidspartnerar.</p> <p>Søknadssum: kr 22 000</p>
4	Kvam	Språktreff og brubygging på Kvam bibliotek	20 000	<p>Søknaden er prioritert fordi Kvam er nemnt spesifikt i søknaden til Gjensidigestiftinga. Søknad om utstyr (3D printer) tas ut av søknadssummen, ut frå ei vurdering om at det ikkje er godt nok fundert.</p> <p>Søknadssum: kr 40 000</p>

5	Masfjorden	Språkkafé på Masfjordnes. Tiltak innan handverkstradisjonar og lokal kystkultur, t.d. med utlån av fiskeutstyr og redningsvestar. Organisere folk som kan ta med interesserte på fisketur.	30 000	Søknaden er heilskaplig både med tanke på konsept, samarbeidspartnerar og utstyr, blant anna med utlån av fiskeutstyr og symaskinar. Dette er interessante å teste ut breidda av tiltak i ein liten kommune.  Søknadssum: kr 30 000
6	Stord	Samarbeid med Internasjonal kulturklubb om språkkafé for vaksne utvides til Folkeverkstad for 8-11-åringar.	18 000	Ein god, heilskapleg søknad både med tanke på konsept, samarbeidspartnerar og utstyr innan tiltaket digitale verkstadar.  Søknadssum: kr 18 156
7	Voss	Kulturformidling på norsk, arabisk og somali i Voss bibliotek	15 000	Tiltaka i søknaden er overkommelig både med tanke på budsjett og samarbeidspartnerar.  Søknadssum: kr 15 000
8	Askøy	Digitale verkstadar for innvandrarungdom	Avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men tiltaket er meir kostbart enn liknande tiltak i andre søknadar. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette tiltaket.  Søknadssum: kr 31 250
9	Askøy II	Den lokale kystkulturen: utlån av vestar og fiskestenger	Avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men tiltaka har ikkje tilstrekkeleg tilknytning til biblioteket som møteplass.  Søknadssum: kr 30 000
10	Austevoll	Digitalt verkstad med arrangement rundt 3D-skriving.	Avslag	Søknaden er ikkje utfyllande nok til å vurderast ut frå prosjektets målsetningar.  Søknadssum: kr 40 000
11	Fitjar	Fitjarkompis, leksehjelp, språkkafé, forteljarstund og fritidstilbod.	Avslag	Søknaden er knytt til fritidstilbod, men tiltaka er uferdige samanlikna med liknande tiltak i andre søknader. Det er søkt om midlar til utstyr utan nødvendig tilknytning til prosjektet.  Søknadssum: kr 40 000

12	Fusa	Samarbeid med Kystlaget om båttur med overnatting. Samarbeid med Fusa Lions og hyttetur til Tråstølen. Internasjonalt kokkekurs og datakurs	Avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men tiltaka ville ha tent på å vere meir overkommelege med tanke på gjennomføring. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette tiltaket.  Søknadssum: kr 40 000
13	Modalen	Språkkafe og norsktrening. Tiltak innan handverkstradisjonar	Avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men det er lagt inn støtte til transport, som ikkje blir ikkje prioritert framfor støtte til konkrete aktivitetar.  Søknadssum: kr 30 000
14	Osterøy	Språkkafé (bord) og folkeverkstad	Avslag	Det blir søkt om støtte til bord og lønnsandelen i søknaden er på 47.5 %. Det overskrid grensa i utlysninga på 25 %.  Søknadssum: kr 40 000
15	Sund	Kipebinding, kvinnetreff og formidlingsarrangement.	Avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men lønnsandelen er på 60 %. Det overskrid grensa i utlysninga på 25 %. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette tiltaket.  Søknadssum: kr 40 000
16	Øygarden	Kodeklubb for born. Vidare utvikling av språkkafè	Avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men er ikkje heilskapleg med tanke på innkjøp av utstyr. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette tiltaket.  Søknadssum: kr 40 000
			<b>180000</b>	